

Frå **STJERNESTI**



foto: THOMAS MØRVEIT | design: DESTEN

# I pyjamas på Bahamas

Skatteflyktingens song 3:20

Eg er på flukt,  
stikk av frå alt som tynger,  
frå tunge bærer flyg eg fort mot fred.  
Så høyr meg nå,  
høyr meg når eg syng her  
om mørke "hyrdar" som vil dra meg ned.

Dei trur visst alle er i same flokken,  
der eine sau er den andre lik.  
Dei tar frå meg, eg avskyr heile skokken!  
Ja, i Noreg er det dyrt å vera rik.

På Bermuda og Bahamas  
og i Sveits og Panama  
kan eg sprada i pyjamas,  
slappa av og ha det bra.

Eg er på flukt,  
kan kryssa Middelhavet,  
eg tar av stad i egen business jet.  
Eg rømmer nå,  
flyg frå heile kavet.  
Eg er 'kje glad i denne skatterett.

Dei trur visst alle er i same flokken,  
der eine sau er den andre lik.  
Dei tar frå meg, eg avskyr heile skokken!  
Ja, i Noreg er det dyrt å vere rik.

Og på Bermuda og Bahamas  
og i Sveits og Panama  
kan eg sprada i pyjamas,  
slappa av og ha det bra.

I Noreg heldt eg ut og gjekk på skule.  
Eg var på sjukehus og mukka 'kje det  
grann.  
Nå er eg rik, - då tar dei smitt og smule,  
så eg får koma meg av stad te anna land!

Ragnar Bjerkreim, *musikk*  
Ragnar Bjerkreim og Ingvar  
Hovland, *tekst*

Tom Roger Aadland, artist  
Hildegunn Gjedrem, Anders  
Berglund, kor  
Rune Arnesen, trommer  
Børge Petersen-Øverleir, gitar  
Frode Berg, bass  
David Wallumrød, orgel

Innspelt i Rainbow studio Martin Abrahamsen, lyd  
Byberg studio Alf Christian Hvidsteen, lyd  
Alf Christian Hvidsteen, miks  
Peer Espen Ursfjord, mastering



tremblingrecords

www.tremblingrecords.no

Tom Roger Aadland